Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Krødsherad

Emne: Beit og Kram [?] Bygdelag: — „ —

Oppskr. av: Truls G. Opsen [?] Gard: Opsen [?]

(adresse): Flatbund [?], Vikersund G.nr. 221 Br.nr. 1–2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Før i tida var det alm. å sanke hjelpefôr kvart år: beit, ris og skav.

Beit vart bruka til sau og geit. Skav til kyrne.

Til beit vart bruka bjørk og tall (furu). Til ris bjørk, til skav helst osp, og sume stader raun.

2) Dei „hogg og kjørte heim beit" på ein lagelig kremeislea [?]

Dei var stad „å risa".

3) Nå da det er slutt med geitholdet og mindre med sau, verd det ikkje bruka beit. I min barndom – ein 60 år sia – var det alm. å ha „sauetråkk" utafor fjøset, der beit og ungbjørk vart lagd. Ei stund om dagen vart sauene utslept, og dei sanka da i seg så berre det grøvste blei liggande att.

På fars min tid, (kring 1840) var det geitao på kvar gard, og da vart det bruka mykje beit, mest bjørk da det var lite tall å finna.

Den siste gard i bygda som held geitar, var Wikåker. Eg kan så vidt huge den store saue- og geitetråkka der (ca. 1885)

Det vart hogge og framkjørt beit etter kvart som det vart bruka. Da det var godt om ved [illegible]

964

- det vart bruka lårgrav - sanka dei saman det som vart att ekkev bestrinja og brente det om våren.
Til ris var helst dei yttersto kvistane av lemjer bjørk. Dei hogg gjerne med ei stårre bjørk med feit, mjukt ris, utan bram på. Dei enten braut av riset med hendene eller bruka sigd eller kjerrekniv.

I mi tid er det helst i "våknipa" at ein risar.

"Bram" kallar vi ris. Ein må bruka det med varsemd, da kyrne ikkje har godt av for mykje av det.

4) Øks, lauv- eller kjerrekniv, eller sigd (skjiru)

5) No er det kyrne som får riset. Dei legg kvistane i krubba, enten for seg sjølv, eller saman med halm. Dei tek riset før halmen.

6) Dei henta riset eller kvart, gjerne om dei hadde for fleire dagar. Det låg da framom låvedøra.

Det er for lenge sen slutt med å sleppe kråtera ut til beitekast, og det blir lenger på dei mindre bruk dei risar om våren.

7) Har ikkje høyrt gjete skikken om å henta ris til langfredag.

Men "rising" på senga langfredagsmorgon er enno i bruk.

964

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING